

# Møteprotokoll

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Litteraturhuset i Odda  
**Dato:** 06.12.2021  
**Tidspunkt:** 12:00 14:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Leiar	Vestland
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hilde Enstad	Medlem	Kvinnherad

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Leif Sverre Enes	Vara	Kvinnherad

## Merknader

I tillegg møte Olaf Bratland og Rune Johan Mikkelsen frå Statens naturoppsyn

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Astrid Bakke Haavik	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Elektronisk godkjent av

*Sigrid Brattabø Handegard, leiar*

*Leif Sverre Enes*

## Saksliste

Saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr
ST 37/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 38/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen	
ST 39/21	Framlegg - Bygge platting foran hytte - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra – Mauranger - Folgefonna nasjonalpark	2020/12904
ST 40/21	Oppdatering av løyve til bygging av tursti rundt Hattebergsfossen - Folgefonna Nasjonalpark	2020/11008
ST 41/21	Søknad om tiltaksmidler 2022	2021/607
ST 42/21	Søknad om midlar til drift av styret for 2022	2021/607
ST 43/21	Planlegging av ressursar frå Statens naturoppsyn for 2022	2021/607
ST 44/21	Referatsaker	
ST 45/21	Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/607
RS 11/21	Rapport om droneflyging - Flyging med drone for tilsyn av sau - Vetle Laurdal, Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark	2021/5815
ST 46/21	Delegerte saker	
DS 25/21	Delegert vedtak - Utviding av løyve til gjennomføring av tiltak på Brufoss - Statkraft- Bondhusdalen landskapsvernområde	2019/1110

## **ST 37/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 38/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Vedtak**

Leif Sverre Enes vart valt til å skriva under protokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

## **ST 39/21 Framlegg - Bygge platting foran hytte - Folgefonna nasjonalpark - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Handsaming i møtet**

Styret ønskjer at hytta vert malt i ein farge som samsvarar med dei fargane som vart vist på byggeteikningane som vart godkjent i møtet 05.10.2020. Det vil seie at hytta må malast i ein mørkare jordfarge. Mørk brun beis er eit vanleg val på liknande bygg elles i verneområda. Elles meiner styret det kan ha ein stor presedens om det vert tillate å bygge ein platting av den dimensjonen som det her er søkt om og viser til tidlegare vedtak der styret har avslått søknader om plattingar av denne dimensjonen. Det vert også vist til at sjølve byggeprosessen er politimeldt og at styret ventar på avgjerda frå påtalemynda.

#### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre utset handsaming av sak om platting og trapp på hytte på Tveitnessetra. Saka vert utsett til det har komme ei endeleg avgjerd i politisaka om bygging av hytta på Tveitnessetra.

## **ST 40/21 Løyve - Oppdatering av løyve til bygging av tursti rundt Hattebergfossen - Folgefonna Nasjonalpark - tursti Hattebergfossen - bygging av turvei - utsiktspunkt**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre opprettheld sitt vedtak i ST 37/20 der vi ga løyve til opparbeiding av gangveg og tursti, jf. forskrift om vern av Hattebergdalen landskapsvernområde § 3, punkt 1.3 g). Etter oppdatering av prosjektplan og endeleg stikk av stien og endra skisser for plass ved Kalvatrebrua.

For løyve gjeld følgende vilkår:

- Søknad datert 06.07.2020 og prosjektskildring frå arkitekt Lars Berge datert 05.05.2021 skal leggest til grunn når det gjeld landskapstilpassing og utforming av gangveg og andre tiltak i tilknytning til prosjektet
- Vegstrekke frå Kalvatrebruo og ned til grense for landskapsvernområde skal i breidde og utsjånad framstå som ein gangveg etter ferdigstilling og gjengroing.
- Fosseplassen skal utformast i samråd mellom grunneigar og Baroniet Rosendal
- Løyve gjeld i inntil 10 år frå vedtaksdato. Nasjonalparkstyret kan gje forlenging av denne fristen.

## **ST 41/21 Søknad om tiltaksmidler 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltar orienterte om oversikten over tiltak for 2021 og kva ressursar vi har til å gjennomføre tiltak for neste år. Sidan det er planlagt å starte opp revidering av forvaltningsplan, vil det vere lite ressursar att i sekretariatet til å følgje opp tiltak.

#### **Vedtak**

##### **Tiltak for 2022**

- Nasjonalparkstyret har vedtatt å søkje om 50 000 til å legge om nedste delen av stien i Skrelet ved Reisetete som er ein del av Buførevegen over Folgefonna frå Reisetete til Botsvatn i Ullensvang kommune.
- Bondhus grunneigarlag har varsla at dei ikkje vert ferdige med vøling av vegen i år og at dei vil søkje om midlar til neste år.

Forvaltar har ikkje fått tid til å planlegge eller samordne fleire tiltak som er klare for gjennomføring i 2022.

Difor føreslår forvaltar å vidareføre dei prosjekta som er delvis gjennomførte i 2021 med naudsynt finansiering. Elles bør ein bruke 2022 på å:

- Skaffe grunneigaravtaler for å kunne drive hogst av framande bartre i verneområda
- Sikre framdrift i avtaler om å oppgradere og setje opp nye informasjonspunkt der det er behov for det (t.d. Møsevatnet, Sommarskisenteret). Samarbeid med kommunar, grunneigarar og andre aktuelle aktørar.
- Skaffe oversikt over kunnskapsgrunnlag for revidering forvaltningsplanen

## **ST 42/21 Søknad om midlar til drift av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

Når vi ser oversikten over kva tiltak som står att i forvaltningsplanen og besøksstrategi er det tydeleg at vi treng å prioritere ei kartlegging av kulturminne, stølar og å få på plass ein vegleiar for tradisjonell byggjeskikk. Dette vil også vere viktig for å utfylle kunnskapsgrunnlaget når vi går inn i arbeidet med å revidere forvaltningsplanen.

#### **Vedtak**

Styret vedtek driftsbudsjett for 2022 og forvaltar sender budsjettforslaget til Miljødirektoratet.

Styret vedtek også budsjett for kartleggingar, forvaltningsplan og bevaringsmål og sender søknad til Miljødirektoratet.

## **ST 43/21 Planlegging av ressursar frå Statens naturoppsyn for 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre legg inn bestilling av tenester som vist under.

## **ST 44/21 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

#### **Nydyrking i Hattebergsdalen**

Nasjonalparkstyret drøfta oppfølging av styrevedtak om nydyrking i Hattebergsdalen, på bakgrunn av at skal ein ivareta kulturlandskapsverdiene er ein avhengig av aktive bønder. Difor ynskjer nasjonalparkstyret å invitera ny klima- og miljøminister på synfaring i saka.

## **Vedtak**

### **ST 45/21 Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

## **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre sender brev til Klima- og miljødepartementet om behov for ressursar.

### **RS 11/21 Rapport om droneflyging - Flyging med drone for tilsyn av sau - Vetle Laurdal , Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre**

**ST 46/21 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2021**

## **Vedtak**

**DS 25/21 Delegert vedtak - Utviding av løyve til gjennomføring av tiltak på Brufoss - Statkraft- Bondhusdalen landskapsvernområd**